

# LOKALE TRANSPORTTILBOD FOR UNGDOM I SOGN OG FJORDANE

## Rettleiing – søknad og rapportering for LTU-midlar 2023

Viser til brev med invitasjon til å søke om støtte til lokaltransport for ungdom, LTU, for 2023. Under orienterer vi kort om kva informasjon som er viktig at de fyller ut i skjema for søknad og rapportering.

### Søknadsskjema:

#### **Fritidstilbudet og stad reisa går til/frå:**

Vi ber om at de er så spesifikke som mogleg når de skildrar dei ulike transporttiltaka. Legg heller til fleire rader for å synleggjere at transporten går til/frå ulike fritidstilbud. Dette kan til dømes vere til/frå ungdomsklubb på gitt stad, skuleball på gitt skule, trening i gitt hall, festival på gitt plass etc.

#### **Reisestrekning:**

Vi har forståing for at det her kan vere fleire ulike transportstrekningar knytt til det enkelte fritidstilbud. Vi ber likevel om at de er så spesifikke som mogleg når de skisserer kvar transporten er planlagt. Dette er også viktig for å få synleggjort kostnadane.

#### **Tidsperiode:**

Her må de synleggjere kva tidsperiode dei ulike transporttiltaka er planlagt for. T.d. vil det for skibuss til og frå eit gitt skisenter vere vinterperioden som gjeld, t.d. mars + april, og november + desember.

#### **Tidspunkt og omfang:**

Her må de synleggjere om transporten til dømes er tenkt å gå i faste intervall, t.d. kvar fredag, eller på einskilddatoar. Vi har forståing for at for ein del fritidstilbud vil vere vanskeleg å fastsetje dette. Vi ønskjer likevel at de synleggjer kva plan de har for omfanget.

#### **Eigendel kvar veg:**

Fyll inn kva sats de har sett for eigendel. De står fritt til å fastsetje ulik eigendel på ulike typar transporttilbud. Eigendel per tur er meint som per reise, det vil seie at ei reise til og frå ein aktivitet er å rekne som to turar.

#### **Estimert tal brukarar per tur:**

Viser til invitasjonen, der ein av føresetnadane for å gjennomføre transporten er at det er ein viss oppslutnad. Fylkeskommunen ønskjer at det skal vere minimum tre brukarar per reise. Med utgangspunkt i dette må de her estimere tal brukarar per tur.

#### **Tal turar (t/r = 2 turar)**

Kor mange turar er planlagt gjennomført til dei ulike fritidstilboda. Ver obs på at ei reise til og frå ein aktivitet er å rekne som to turar.

#### **Estimert transportkostnad per tur:**

Kommunane har ansvar for å hente inn kostnadstilbud for ulike transporttiltak. Med utgangspunkt i dette må de her estimere transportkostnad per tur for dei ulike fritidstilboda. Ved til dømes heimkøyring, der det vil vere stor skilnad i reiseavstand og følgjande pris per tur, kan de t.d. bruke ein snittpris som estimat.

**Sum kostnad for tiltaket:**

Med utgangspunkt i estimerte transportkostnader per tur for dei ulike fritidstilboda, og tal turar de har planlagt, skal de her synleggjere totalkostnadane per transporttiltak.

**Rapporteringsskjema:**

Kommunane må bruke vedlagde rapporteringsskjema for å få utbetalt støtte. Vi vil på det sterkaste anbefale at de fyller ut rapporteringsskjemaet gjennom året, slik at rapporteringa vert så presis som mogleg.

**Fritidstilbudet og stad reisa går til/frå:**

Med utgangspunkt i søknadsskjema må de liste opp dei ulike transporttiltaka som er gjennomført i 2019.

**Reisestrekning:**

Vi har forståing for at det her kan vere fleire ulike transportstrekningar knytt til det enkelte fritidstilbud. Vi ber likevel om at de er så spesifikke som mogleg når de rapporterer kva strekningar transporten er gjennomført på.

**Tidsperiode:**

Gjer kort greie for kva tidsperiode dei ulike transporttiltaka er gjennomførte i.

**Tidspunkt og omfang:**

Her må de synleggjere kva tidspunkt og i kva omfang transporten er gjennomført.

Vi har forståing for at rapportering på dette punktet kan vere utfordrande for t.d. heimkøyring frå ulike treningar. Vi ber dykk likevel om å synleggjere tidspunkt og omfang. T.d. kan dette synleggjerast slik: «Etter behov, torsdagar og fredagar. Mest brukt i perioden april til juni».

**Eigendel kvar veg:**

Få fram kva satsar de har nytta på eigendel for dei ulike transporttiltaka som er gjennomførte.

**Totaltal brukarar per tiltak:**

Med utgangspunkt i tal turar som er gjennomført til/frå dei ulike fritidstilboda, og tal brukarar per tur, må de rapportere kor mange tal brukarar de har hatt per transporttiltak. For å oppfylle rapporteringsplikta på dette punktet, er det spesielt viktig at de følgjer opp gjennomføringa av transporttiltaka gjennom året.

**Eigendel per tiltak:**

Med utgangspunkt i fastsett eigendel og totaltal brukarar per tiltak må de rapportere sum for eigendel per transporttiltak.

**Tal turar (t/r = 2 turar)**

Vi ber om at de rapporterer tal for faktiske gjennomførte turar per transporttiltak i 2019.

Ver obs på at ei reise til og frå ein aktivitet er å rekne som to turar.

**Total for faktiske transportkostnader per fritidstilbud:**

Her må de summere opp faktiske kostnader for alle turar som er gjennomført per fritidstilbud, og rapportere dei totale faktiske kostnadane de har hatt for transporten. Det er viktig at de bryt dette ned på dei enkelte transporttiltaka.